

Hengivelse

Tankar mellom islam og Kristus

ODDBJØRN LEIRVIK

Nynorsk er eit godt språk å bruke når du skal uttrykke kjensler. Men på eitt punkt i hjartespåket står ein ihuga nynorskbrukar i beit: kva ord skal eg bruke for «hengivelse»?

Saka er likevel viktigare enn ordet. For det ligg i saka sin natur at hengivelse er meir enn ord. Det er å overgi heile seg, med kropp og sinn, til ein annan. Det kan handle om eit kjærleiksmøte mellom to elskande – men også om kjærleiken til Gud. Korleis kan eg hengi meg til Gud, med heile meg?

For meg personleg har møtet med islam vore ei utfordring til å tenke igjennom korleis eg kan uttrykke hengivelse i mitt eige gudsforhold. Islam er nemleg meir enn «klar beskjed om den rette veg». Islam er først og sist å overgi seg sjølv til Gud. Sjølve ordet islam har med hengivelse å gjere.

I islam er hengivelse rett nok forstått som underkasting. Islam er å gi seg Gud i vald, med kropp og sinn. I Koranen står det: i ansikta til dei som følgjer profeten er det merke etter alle gongane dei har late seg falle ned (Koranen 48, 29). Å kaste seg sjølv med panna mot jorda . . . kan det tenkast eit sterkare kroppsleg uttrykk for å gi seg Gud i vald? Og har det ikkje også hengivelse i seg?

Etter fleire moskébesøk i Oslo og nærkontakt med muslimske venner går eg inn i kyrkja ein dag eg veit eg er heilt åleine. Eg legg meg ned med panna mot golvet framfor alteret. Det kjennest litt framand. Men eg kjenner også at det er godt å kunne bøye heile seg – ikke berre hjartet – framfor Kristus!

Og ettertanken fortel meg at den fulle nedkastinga ikkje skulle vere noko framandt for meg som kristen. Islam er ikkje berre ein framand religion. Islam har tatt vare på mykje av det som eigentleg er ein felles religiøs arv for jødar, kristne og muslimar. Proskynesen – nedkastinga

framfor det heilage – er eit urgammalt uttrykk for gudsfrykt og gudshengivelse, som alle Abrahams barn har praktisert. I evangelia høyrer vi stadig om menneske som kastar seg ned for Jesus. Dei vise menn kjem for å bøye seg i støvet for barnet, dei sjuke kastar seg ned med panna mot jorda når dei tiggjar Jesus om hjelp, og disiplane fell ned og tilber når dei tar avskjed med Jesus ved himmelfarten. Også i Jesu dialog med kvinna ved brønnen handlar det om kvar ein skal tilbe i tydinga å bøye heile seg framfor Guds nærver. Når Jesus oppmodar oss til å tilbe i ånd og sanning, meiner han vel ikkje at vi skal gjere tilbedinga til ei reint åndeleg, dvs. innvortes sak? Nei, også då handlar det om proskynese, å bøye heile seg, med kropp og sinn – ikkje berre på Garisim eller Sion, men over alt! (Jfr. Joh. 4, 20–24). Og i 1. Kor. 14, 25 får vi høyre at den naturlege reaksjonen på kraftfull profetisk tale i gudstenesta er å falle ned med ansiktet mot jorda, tilbe Gud og vedkjenne: «Gud er sanneleg hos dykk!».

I nesten alle religionar finn vi sterke kroppslege uttrykk som tar med heile oss, «frå topp til tå», inn i møtet med Det heilage. Til panna si overgiving under nedkastinga svarer føtene si ærefrykt når den fromme tar av seg skorne på heilag grunn. Det er like sjølvsgagt for ein buddhist å ta av seg på føtene når han går inn i sin heilagdom som for ein muslim. Men vi kristne let vere. Kvifor? Første gongen eg møtte vår muslimske reinhaldar på jobb i vårt kyrkjerom hadde han tatt av seg på føtene før han gjekk inn for å gjere reint. Og for første gong kjende eg meg som ein religiøs avvikar når eg kom trampande inn framfor altaret – med sko! Mine muslimske venner utfordrar meg: Kvifor har vi kristne forlate «sunnaen» frå Moses – han som lærte oss å ta av seg på føtene framfor Den heilage sitt nærver? Eller kvifor er vi så redde for å kaste oss ned, gi oss Gud i vald og tilbe?

Eg leitar etter eit svar til mine muslimske venner. Eg må vedgå at dei har tatt vare på noko som eg har mista. For i vår nord-europeiske, protestantiske kristendomstradisjon har vi langt på veg mista kontakten med kroppen i vår gudsdyrking. Og eg trur mange av oss kjenner eit sug etter å få med kroppen igjen i tilbedinga. Også våre medkristne har jo noko å lære oss her: våre katolske søsken sjenerer seg verken for å knele eller korse seg, og karismatiske fromme gir oss frimod til å løfte hendene.

Men å kaste seg ned med panna mot jorda som muslimane gjer fem gongar om dagen – kan dét vere eit rett uttrykk for kristen fromhet?

På ein mannsretreat på Tomasgården ifjor mediterte vi over forklaringa på berget. Disiplane sin spontane reaksjon på den forklåra Kristus og Det heilage Nærver var å kaste seg ned på bakken. Var det

hengivelse som driv dei? Eller var det frykt? Kristus må i alle fall røre ved dei før dei vågar å reise seg opp att: «Reis dykk, og ver ikkje redde!» Og så vågar dei å sjå opp, ansikt til ansikt med han som elsker bort frykta (jfr. Matt. 17, 1–13). Og når disiplane fell ned for å tilbe Kristus ved himmelfarten, er det ikkje lenger frykta som driv dei, men kjærleiken, og dei reiser seg opp att i glede! (Luk. 24, 52).

Dette vil eg spørre mine muslimske venner om: er det frykt for Gud som driv dykk til nedkasting, eller også hengiven kjærleik? Frykta for Gud kjem vi ikkje unna, og eit element av uro må alltid vere der også i vårt kristne gudsforhold. Men eg kjenner at det er godt at det finst ein som kan reise meg opp når eg fell ned for Gud – ein som elsker fram hengivelse i meg, og ikkje skremmer meg til underkasting.

Eg vil gjerne lære meir om å bøye meg heilt. Men det skal ikkje vere frykta som styrer meg. Kristendom kan aldri bli «å gi seg Gud i vald». For den sanne kjærleiken driv frykta ut, og har ingen vald i seg! Kristendom kan heller aldri bli underkasting. For vi er oppreist til å møte Kristus ansikt til ansikt, i eit kjærleiksmøte.

Somme tider vil eg likevel hengi meg heilt, bøye heile meg, berre overgi meg, liggande for Jesu føter. Men det skal ikkje vere frykt eller underkasting som driv meg. Berre hengivelse . . . Som i den menneskelege kjærleiken, så også framfor Kristus: den eine stunda heilt overgiven, med heile seg, liggande, utan ord; så oppreist, ansikt til ansikt, i samtale.

Oddbjørn Leirvik, se NOTM 3/1991.

Dedication – reflections between Islam and Christ

A brief reflection about the role of dedication in Christian and Muslim piety. With their daily prostrations as expression of total subjugation to God, the Muslims may remind Christians and Jews that the body is an integral part of worship and piety. The biblical *proskunesis* was also prostration. One question to Muslim friends might be: Is your dedication motivated by fear and subjugation, or is loving dedication a vital part of it?